



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 25. november 2024

Sak 2024/1439 – Sel og Otta spel- og dansarlag - org.nr. 981 537 955 - klage over vedtak om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon

Medlemmer i Lotterinemnda: Leder Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains og Elisabet Ekberg

Bakgrunnen for saka

- (1) Sel og Otta spel- og dansarlag (klagar) søkte 17. mars 2024 om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (2) Lotteritilsynet avslo søknaden 22. juni 2024, med den grunngivinga at verksemda til foreininga i hovudsak framstår som hobby- og fritidsaktivitet for vaksne.
- (3) Sel og Otta spel- og dansarlag klaga på vedtaket 7. juli 2024. Klagar gjer gjeldande at laget har fast aktivitet retta mot barn og unge. Sel kommune har ikkje tilbod om feleopplæring i Kulturskolen, og klagar sørger for slik opplæring. Klagar leiger inn lærar for opplæring av unge til felespel. Klagar opplyser at dei hadde fem rekruttar frå 2022, og at det i 2023 starta tre nye, slik at det har vore opptil åtte rekruttar hos klagar det siste året. Klagar opplyser vidare at den eldste på 14 år, nå er teke opp i laget, og at vedkomande deltek på dei faste øvingane kvar veke med profesjonell musikalsk leiar, og på oppdrag frå klagar. Klagar viser til at dei ser at det har vore feil å ikkje forlange at rekruttane melder seg inn hos klagar og betaler kontingent, og at dette skal endrast på. Det vises elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende klagen med innstilling 23. september 2024 til Lotterinemnda for behandling.
- (5) Klagar har i brev 26. september 2024 kome med merknadar i saka.

Det rettslege grunnlaget

- (6) Det rettslege grunnlaget er lov 18. mars 2022 nr. 12 om pengespill (pengespilloven) og forskrift 17. november 2022 nr. 1978 om pengespill (pengespillforskriften).
- (7) Lotteritilsynet kan gi ikkje-fortenestebaserte organisasjonar løyve til å tilby pengespel, jf. pengespilloven § 18. Overskotet frå pengespela kan ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, jf. pengespilloven § 19.
- (8) Det følger av pengespillforskriften § 38 tredje ledd at verksemd som utgjer hobby – eller fritidsaktivitetar for vaksne, ikkje kan godkjennast. Organisasjonar som også har ein

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

vesentleg del av verksemda rett mot barn og unge under 18 år, kan likevel godkjennast for den delen av verksemda.

- (9) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheva det og sende saka tilbake til underinstansen til helt eller delvis ny behandling.

Vurderinga til Lotterinemnda

- (10) Klagen til Sel og Otta spel- og dansarlag gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 12. august 2024 om avslag på søknad om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (11) Det følger av pengespilloven § 18 at ikkje-fortenestebaserte organisasjonar kan få løyve til å tilby pengespel dersom dei er a) registrert i Frivillighetsregisteret, b) har frivillig innsats som ein viktig del av verksemda, c) ikkje er tilgjengeleg for ein lukka krets og d) ikkje driv verksemd som gir privatøkonomiske fordelar. Etter pengespilloven § 19 skal overskotet frå pengespela ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne.
- (12) Det følger av Prop. 220 L (2020-2021) punkt 14.4.2.4. at kravet i pengespilloven § 19 om at overskotet ikkje skal finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, inneber at idrettslag, kor, korps og sosiale samlingsplassar som retter sin aktivitet mot vaksne ikkje vil få løyve til å tilby pengespel. Dette gjeld sjølv om organisasjonen er ikkje-fortenestebasert og har betydeleg frivillig aktivitet.
- (13) Ordlyden i pengespillforskriften § 38 tredje ledd andre punktum opnar likevel for at det kan gjerast unntak frå hovudregelen om at organisasjonar som utgjer hobby- og fritidsaktivitet for vaksne ikkje kan godkjennast. Dersom ein «vesentlig del» av verksemda er rett mot barn og unge under 18 år, kan organisasjonen få godkjenning for denne delen av verksemda. Dette inneber at det må gjerast ei konkret vurdering både av alderssamansetninga blant medlemsmassen og omfanget av den faktiske aktiviteten som er retta mot barn og unge.
- (14) Det kjem fram av vedtektene til klagar § 1 at laget har som formål «å samle spelemenn, songarar, dansarar og andre interesserte for å dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, song og dans». Vidare av § 2 følger det at klagar «skal skipe til samkomer med spel, song og dans, drive opplæringsarbeid og ta opp spørsmål som kan fremje interessa for felemusikk- og dansearbeidet på Sel og Otta». Klagar er etter vedtektene § 3 «ope for alle som er samde i paragraf 1 og 2», og har derfor i utgangspunktet ingen aldersgrense.
- (15) Alderssamansetninga blant medlemmene i ein organisasjon er ikkje i seg sjølv avgjerande for vurderinga av om hobby- og fritidsforeininga har tilstrekkeleg verksemd retta mot barn og unge under 18 år, men dette er likevel eit viktig moment i heilskapsvurderinga som skal gjerast. Lotterinemnda viser i denne samanhengen til sak 2023/1063. I avsnitt 17 uttalast det at:

«Ved vurderingen av om hobby- og fritidsforeiningar har tilstrekkelig virksamhet rettet mot barn og unge under 18 år, må det imidlertid legges vesentlig vekt på medlemmenes alderssammensetning. Hensynet til likebehandling og forutberegnelighet, herunder en forståelig og praktikabel regel, tilsier dette».

- (16) Klagar opplyste i søknaden at berre eitt av 35 medlemmer i organisasjonen er under 18 år. Klagar har i klagen og i etterfølgande merknadar opplyst at dei har hatt opptil åtte rekruttar under 18 år, men at disse ikkje er medlemmer hos klagar. Omsynet til likebehandling og rettsvisse, deriblant ein forståeleg og praktikabel regel, inneber at Lotterinemnda ikkje kan vektlegge at laget også har rekruttar, som ikkje blir registrert som medlemmer. Vurderinga av alderssamansetninga hos klagar må derfor vurderast ut frå antal registrerte medlemmer. Ovannemnde viser då at klagar rekrutterer barn og unge under 18 år, men at unge likevel utgjer langt under halvparten av medlemmene til klagar. I sak 2016/16 la nemnda til samanlikning til grunn at seks medlemmer på under 18 år av totalt 25 medlemmer, ikkje var tilstrekkeleg etter dagjeldande regelverk.
- (17) Sjølv om klagar har ein viss aktivitet retta mot unge ved at de arrangerer feleopplæring for unge, og også har rekruttar under 18 år, endrar ikkje dette karakteren av laget som ei foreining for vaksne. Klagar har per i dag få medlemmer under 18 år, og på noverande tidspunkt kan ikkje nemnda sjå at det er dokumentert at ein «vesentlig del» av verksemda elles er rett mot barn og unge under 18 år.
- (18) Lotterinemnda har etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka kome til at verksemda til klagar i all hovudsak framstår som hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne, og at foreininga ikkje har ein vesentleg del av verksemda retta mot barn og unge under 18 år.

Konklusjon

- (19) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at vedtaket til Lotteritilsynet skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen blir ikkje teke til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur